



TILLEGGSINNKALLING

FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

Møtedato: 08.09.2020
Møtested: Heradshuset, Dale
Møtetid: 10:00 - 15:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [Møteportalen](#) eller til Lin Tove Thomassen epost lin.tove.thomassen@vaksdal.kommune.no

Sak 54/2020 vert med dette sendt ut som tilleggsinnkalling.

Søknadene frå dei ulike verksemdene er ikkje offentleg grunna off.lov § 13 1. ledd og forv. lova §13. 2. innsyn i forretningsforhold. Dersom formannskapet ønskjer å diskutere detaljar i søknadane, bør formannskapet vurdere om saka skal behandlast i lukka møte.

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
54/2020	COVID- 19 NÆRINGSSTØTTE

4. september 2020

Hege Eide Vik
Ordfører



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
54/2020	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	08.09.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FA-U01, TI-&01	20/830

COVID- 19 NÆRINGSSTØTTE

Vedlegg:

- Søknad næringsstøtte - Fulldekningsavis om lokalt næringsliv
- Søknad næringsstøtte - Kurs for næringslivet
- Søknad næringsstøtte - Marknadsføring av lokale bedrifter
- Søknad næringsstøtte - Kompetanseheving
- Søknad næringsstøtte - Utvikling og vekst
- Søknad næringsstøtte - Utvikling og fornying
- Søknad næringsstøtte - Trygg time for eldre i risikograppa
- Søknad næringsstøtte - Kjøp av nytt produksjonslokale
- Søknad næringsstøtte - Oppstart studio på Dale
- Søknad næringsstøtte - Kjøledisk for å redusere smittefare
- Søknad næringsstøtte - Opplæringstiltak i koronatida
- Søknad næringsstøtte - Vidareutvikle næringsklynge
- Søknad næringsstøtte - Matprodukt heim til kunden
- Søknad næringsstøtte - Ny profil på web

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune gir støtte til næringsretta tiltak i samband med Covid 19-utbrotet til følgande bedrifter/næringsaktørar:

Søker	Søknad	Tildelt
Dale Trafikksenter AS	57 000	
Gitte Boge Foto	-	
Bergsdalstunet	84 000	
Vaksdal Næringssselskap	150 000	
Petersens Handleri AS	50 000	
Camillas Eiendom AS	200 000	
Sæterdal Elektro AS	396 000	
Vaksdal Næringsråd	79 687	
Lågen Spiseri AS	150 000	
Elvahuaset Drift AS	40 000	
Vaksdal Posten AS	60 000	
heimalaga mat frå Pøyno	150 000	
Elvahuaset Drift AS	17 750	
Tovi Elektro AS ved Tomi	50 000	
Sum søknader	1 484 437	
Midlar til fordeling	1 173 233	
Differanse	- 311 204	

Vilkår i mellombels forskrift er gjeldande for løyvingane.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon

Vaksdal kommune har fått kr 1.173.233 til fordeling til lokal næringsstøtte. Midlane skal, i samsvar med mellombels forskrift, nyttast til bedriftsretta støtte og til andre næringsretta tiltak som kommunen meiner er viktig for å motverke negative verknader av koronavirusutbrotet. Kommunen har mottatt 14 søknader om tilskot innan fristen 1. september. Formannskapet skal behandle saka i møte 8.september.

Bakgrunn for saka

Covid 19-utbrotet har gitt store utfordringar for næringslivet i mange kommunar. Regjeringa foreslo i krisepakke fase 3 for 2020, å setje av pengar til kommunale næringsfond. Saka blei endeleg behandla og vedtatt i Stortinget. Ei midlertidig forskrift om tilskot til kommunale tiltak vart vedtatt i sommar.

Vestland fylkeskommune har fått tildelt kr 75,3 millionar til fordeling til kommunane. Vaksdal kommune sin del er kr 1.173.233. Midlane skal nyttast til bedriftsretta støtte og til andre næringsretta tiltak som kommunen meiner er viktig for å motverke negative verknader av koronavirusutbrotet. Det skal leggast vekt på sysselsetting og arbeidsplassar, verdiskaping og økonomisk aktivitet. Støtta kan løyvast til lokale bedrifter, etablerarar og andre næringsaktørar som tilrettelegg for og/eller gir støtte til næringsutvikling, unntaksvis også kommune om tiltaket er i samsvar med formålet.

Støtta til bedrifter skal gjevast i tråd med regelverket om offentleg støtte og etter reglane om bagatellmessig støtte. Mottakar må vera registrert i Vaksdal kommune.

Samla tilskot frå næringsfondet skal som hovudregel ikkje overstige 50 prosent av prosjektet sitt kapitalbehov, og det skal aldri overstige 75 prosent.

I samsvar med forskrift er midlane lyst ut med søknadsfrist 1.september og løpande frist etter dette om det er midlar igjen. Sak om løyving vert lagt fram for formannskapet, plan og økonomiutvalet i september.

Formelt grunnlag

Midlertidig forskrift om tilskudd til kommunale næringsfond som følge av covid-19-utbruddet

<https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2020-06-30-1437>

og delar av

Forskrift om Kommunal- og moderniseringsdepartementets distrikts- og regionalpolitiske tilskuddsposter forvaltet av fylkeskommunene

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2018-05-23-747>

Vedtak i Vestland Fylkeskommune, Hovedutvalg for næring, naturressursar og innovasjon 16.07.2020

Vurdering og konsekvensar

Søknaden skal vurderast etter følgende kriteria:

1. I kor stor grad tiltaket fremjar auka aktivitet, sysselsetting og verdiskaping basert på lokale utfordringar
2. I kor stor grad tiltaka vil motverke negative verknader av covid-19-utbrotet
3. Kor raskt tiltaket kan setjast i gong

Følgande paragrafar om tilskot forvalta av fylkeskommunar gjeld:

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2018-05-23-747>

- a. § 3 Kunngjøring ved utlysning av tilskuddsmidlene
- b. § 4 Krav til en søknad om tilskudd, med unntak av andre ledd bokstav g, i, j og k
- c. § 5 Søknadsbehandlingen og forholdet til forvaltningsloven
- d. § 7 Adgangen til å kontrollere at vilkårene for tilskudd er oppfylt. Evaluering
- e. § 8 Redusering og stans i utbetaling av tilskuddsmidler. Krav om tilbakebetaling
- f. § 9 Krav til tilskuddsmottakers rapportering
- g. § 23 Krav til forvalters tilsyn med tilskuddsmidlene
- h. § 24 Konsekvenser ved feil forvaltning og feil bruk av tilskuddsmidlene
- i. § 26 Oppfølging og rapportering for forvaltere.

Det vert stilt vilkår til gjennomføring og rapportering frå stønadsmottakar. Om tiltaket ikkje vert gjennomført slik omsøkt vert det stilt krav om tilbakebetaling.

Kommunen skal evaluere og rapportere på tildelinga av midlar. Kommunen skal vurdere måloppnåing ut frå

- a. utvikling i sysselsetting og tal arbeidsplassar
- b. utvikling i verdiskaping og økonomisk aktivitet

Det har kome 14 søknadar innan fristen 1. september. Samla søknadssum kr 1 484 437 overstig tildelt løyving og reduksjon/prioritering vil vera nødvendig.

Søknadane ligg som vedlegg til saka. Av omsyn til forretningsidéar og økonomiske forhold er søknadane unntatt offentlegheit etter fvl §13 1. ledd nr 2.

Søker	Sum
Dale Trafikksenter AS	57 000
Gitte Boge Foto	-
Bergsdalstunet	84 000
Vaksdal Næringsselskap	150 000
Petersens Handleri AS	50 000
Camillas Eiendom AS	200 000
Sæterdal Elektro AS	396 000
Vaksdal Næringsråd	79 687
Lågen Spiseri AS	150 000
Elvahuaset Drift AS	40 000
Vaksdal Posten AS	60 000
heimalaga mat frå Pøyno	150 000
Elvahuaset Drift AS	17 750
Tovi Elektro AS ved Tomr	50 000
Sum søknader	1 484 437
Midlar til fordeling	1 173 233
Differanse	- 311 204